

Mykje snø i fjellet, men ikkje på det meste.

25.02.2018



Det store snømengder i fjellet. Her ser vi ei av hyttene, som er mest nedsnøa, ved Mannsvatnet

**Det er mykje snø i fjellet. Nokre hytter ved Mannsvatnet er mest heilt nedsnøa og må gravast fram. Knut Inge Eidsvik melder på Facebook at det er stabilt og kaldt i fjellet. På natta er det målt temperatur ned mot 14 kuldegrader.**

Snømengda er varierende. Der vinden er sterk, er det mindre snø. På Vatnastøl og i Solfjellia er det såleis mindre snø enn elles på fjellet kring Mannsvatnet.

På Fjellandsbøle er det nok snø til at ein kan ta på skia i Friheim og gå vegen inn langs vatnet og vidare opp til tunet og inn i Åsaredalen. Det er registrert fleire snøskrede, det eine av det større slaget. Uskedalen.no vil skriva meir om snøskrede både i Ulvanoso og i Englafjell denne vinteren.

Tekst/nett: Kristian Bringedal  
Foto: Knut Inge Eidsvik